



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Birkelundstunet - Alver

Vi viser til brev datert 28.09.2021, som gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Birkelundstunet. Planområdet ligg på Seim, omrent 10 km frå Knarvik. Storleiken på området er om lag 3,3 daa. Planen sitt formål er å leggje til rette for bustadbygging.

### ROS

Risiko og sårbarheit er omtalt fleire stader i planarbeidet, men det ser ikkje ut som det er utarbeida ei ROS-analyse. Vi viser til plan og bygningslova § 4-3, der det mellom anna står at alle planar skal innehalde ein risiko og sårbarheitsanalyse. Ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er ein systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller berekne risiko. ROS-analsysen kan vere ein del av planskildringa eller vere eit eige dokument der hovudinnhaldet vert innarbeida i planskildringa.

I denne planen er det lagt ved ei sjekkliste for tema, der det er identifisert fare knytt til høgspentlinjer og støy. Det er mange tema som er vurdert som ikkje aktuelle, utan at dette er kommentert vidare. Dette gjer at det er vanskeleg å etterprøve vurderingane i analysen. I planskildringa er Risiko og sårbarheit omtalt i kapittel 5.17. Nokre tema er her kort vurdert. Det er klypt inn ei risikomatrise, utan at det er opplyst kva akseptkriteria som ligg bak.

Ei utfyllande sjekkliste er eit godt utgangspunkt for ei ROS-analyse. I denne saka har plankonsulent nyttat ein sjekkliste utarbeida av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. I innleiinga til denne sjekklisten står det:

*«Sjekklisten kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. Sjekklisten er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse. For å kvittere ut spørsmåla i sjekklisten, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklisten til eige behov.»*

*Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklisten gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit ikkje vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av*



*risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit vert avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold.»*

I denne saka er sjekklista i stor utstrekning utan kommentarar, dette gjer at det er uklart kva som ligg bak vurderingane.

I ein ROS-analyse er det viktig at alle kjelder, føresetnader og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumenterte og kunne etterprøvast. Vi kan ikkje sjå at sjekklista og planskildringa gjer dette på ein god nok måte. Arbeidet som er gjort med risiko- og sårbarheit kan i denne planen i liten grad etterprøvast. Til dømes, korleis er klimaendringar og ekstremver vurdert? Kvifor har ein vurdert at vind ikkje er eit aktuelt tema? Har brannsjef vore konsultert i vurderingar kring brannsikkerheit? Sjølv om planområdet er lite, opnar planen for tett busetnad med opptil 12 bueininga på området.

Alle tema som er aktuell for område skal vurderast vidare frå sjekklista. Det er vurdert at støy og høgspentline er aktuelle tema. Planområdet ligg i område med «mogleg marin leire» (NGU). Dette er eit tema som ROS-analysen må vurdere. Vi viser også til Statens vegvesen sin uttale datert 08.11.21, det det mellom anna vart peika på at trafikkfare er mangefullt vurdert.

Statsforvaltaren si vurdering er såleis at dei oversendte dokumenta ikkje oppfyller lovens vilkår om ROS-analyse jf. pbl § 4-3.

#### Støy

Deler av planområdet ligg i gul støysone. Det er utarbeida ein støyrapporrt som viser at ein støyskerm langs vegen vil gje tilfredstillande støynivå på både uteoppahaldsareal og fasade. I føresegne er tabell 3 i T1442 gjort gjeldande for planen. Vi vil her peike på at T-1442 nyleg vart revidert, og at det i T1442/2021 er tabell 2 som må gjerast gjeldande for planen.

#### **Konklusjon**

Statsforvaltaren vurderer at det kan vere grunnlag for motsegn på grunn av manglande ROS-analyse. Alver kommunen har signalisert at dei er samd i det og ønskjer å rette opp i dette, og gir Statsforvaltaren utsett medverknad til vi har fått vurdert planforslaget med ein fullstendig ROS-analyse.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
	Majorstua		



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

- planID 1263-201902

## Fråsegn til høyring av detaljplan for Birkelundstunet gnr 172 bnr 14 Alver kommune

Vi viser til brev datert 29.9.2021 om høyring av forslag til detaljregulering for Birkelundstunet. Hovudføremålet i planen er å leggje til rette for bustadbusetnad. Tiltakshavar ønsker å leggje til rette for 3 nye bygg, med inntil 4 bueiningar i kvart bygg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan, der området er sett av til bustadområde. Planområdet ligg på Seim, omtrent 10 km frå Knarvik. Storleiken på området er om lag 3,3 daa.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 13.6.2019. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering

#### Areal og transport

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har som mål om at største delen av veksten skal kome i dei regionale vekstonene, i Alver, omkring regionsenteret Knarvik. Som nemnd i oppstartsvarselet, legg detaljplanen til utvikling av bustader i eit område som er sett av til føremålet i kommuneplanens arealdel. Den regionale planen har ikkje tilbakeverkande kraft og skal først og fremst nyttast i vurderinga av framtidige kommuneplanar. Utvikling i dette området er i liten skala, i eit allerede nedbygd område, og er i tråd med kommuneplanen. Fylkeskommunen er difor positive til planen.

#### Samferdsel og veg

Statens vegvesen (SVV) kommenterte ved oppstart at det må regulerast gjennomgående standard på Fuglevikvegen inkludert fortau, kor veg og fortau bør vera minst like breie som i tilliggjande plan for fv. 5474 Lurevegen (tidlegare fv. 402). Dette er tatt omsyn til i planen.

Det vert opplyst at krysset frå Fuglevikvegen til fylkesvegen er opparbeida i regi av kommunen og er i tråd med gjeldande plan. Vi kan sjå at dette er opparbeida i tråd med gjeldande plan.

Det blei anbefalt å ha ein felles avkjørsel frå Fuglevikvegen til dei nye bustadane, dette er tatt med i planarbeidet. Det vert skildra god sikt i denne avkjørsla med 6x54 meter, men siktlinene er ikkje teikna inn på reguleringsplanen og vi ber dykk rette på dette.

#### Avkjørselsløyve

Vi vil minne om at det må søkast om avkjørselsløyve til Vestland fylkeskommune for avkjørsla frå Fuglevikvegen til fv. 5474 Lurevegen for dei nye bustadane.

SVV bad om ein enkel trafikkanalyse for å få synt forventa auke i trafikkmengd og korleis mjuke trafikantar skal ivaretakast. Det vert svart ut i planskildringa at planområdet vil generere ei auke på 50 ÅDT som krysset til fylkesveg skal ha kapasitet til.

#### ***Rekkefølgjekrav***

SVV si vurdering var at det må stillast krav om at fortauet langs planområdet vert ferdig opparbeida før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bygging av bueiningane. Dette for å sikre dei mjuke trafikantane også i anleggsperioden. Dette er ikkje komme med i rekjkjefølgjekrava. Vi ber difor om at dette vert lagt til som eit punkt at veg og fortau langs Fuglevikvegen skal opparbeidast i tråd med planen før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bustadane.

#### ***Kulturminne og kulturmiljø***

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

#### **Konklusjon**

Vestland fylkeskommune ber om at siktlinene vert teikna inn i plankartet, og at det vert lagt til rekjkjefølgjekrav på opparbeiding av veg og fortau før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bygging av bustadar.

#### **Med helsing**

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Lilian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I  
VESTLAND

Njøsavegen 2



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlende eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/200107-2

Dykkar referanse:  
Vår dato:  
08.11.2021

### Uttale til offentleg ettersyn og høyring – detaljreguleringsplan for Birkelundstunet – gnr. 172 bnr. 14 – Alver kommune – PlanID 1263-201902

Vi viser til brev fra Alver kommune, dagsett 28.09.2021 og merknadsfrist 10.11.2021.

#### Saka gjeld

Saka gjeld offentleg ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for Birkelundstunet, gnr. 172 bnr. 14 – PlanID 1263-201902. Planområdet er på ca. 3.3 daa og ligg på Seim, om lag 10 kilometer fra Knarvik. Åtkomst til planområdet fra det overordna vegnettet skjer via privat veg Fuglevikvegen, via avkjørsle fra fylkesveg 5474.

Seim Skule med ein idrettsplass ligg like sør for planområdet, og like nord for området finn ein barnehage, naustbebyggelse og Seimsfjorden. Føremålet med planen er å leggje til rette for nye bustadar. Tiltakshavar ynskjer å leggje til rette for 3 nye bygg, med inntil 4 bueiningar i kvart. I tillegg vert det lagt til rette for parkeringskjellar i bygg 2 og 3. Planen skal vidare leggje til rette for naudsynt infrastruktur, leikeareal og uteopphaldsareal.

Området er pr. i dag ikkje regulert. I kommunedelplan for Lindås (2019–2031 (KDP-L), er området avsett til bustadføremål.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## Uttale


I uttale til planoppstart (2019) vurderte Statens vegvesen sjølvve avkjørsla frå Fv. 5474 til å ha kapasitet til å tolke trafikkauken som utbygginga representerer. Vegvesenet var likevel tydeleg på at vi såg det som ei føresetnad er at en i planarbeidet regulerte ein gjennomgåande standard på «Fuglevikvegen», inkludert fortau. Det vart peikt på at veg og fortau bør vere minst like breie som i tilstøytane plan for Fv. 402. (no Fv. 5474).

For å sikra dei mjuke trafikantane i «Fuglevikvegen» trygge tilhøve også i anleggsperioden såg Statens vegvesen i samband med dette behov for rekkefølgjekrav i føresegne. Vegvesenet meinte det var behov for eit krav om at fortauet langs planområdet skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve igangsetjingsløyve.

Etter det vi kan sjå er ikkje dette punktet følgd opp eller spesielt kommentert i planframlegget som no er på høyring. Konsulent viser til at det allereie i dag er eit fortau langs Fuglevikvegen. Dersom det ikkje skal gjerast noko med vegen i form av ei utviding er det sjølv sagt ikkje behov for rekkefølgjekrav heller.

Den private vegen Fuglevikvegen er likevel smal. Konsulent har levert ei enkel trafikkanalyse som viser at det i tillegg til dei 12 nye bustadane også er ein barnehage lenger inne i vegen og at denne genererer ein del trafikk. Ifølgje berekningar vil 12 nye einingar gje ei trafikkauke i gjennomsnittsdøgnet på mellom 24 og 60 køyretøy. Sjølv om ÅDT i 2040 ikkje er berekna til meir enn 150 køyretøy/døgn med ein tungtrafikkandel på 2 % er Statens vegvesen kritisk til at det i samband med reguleringa av eit nytt bustadfelt ikkje vert lagt til rette for nok bredde på tilkomstveg til at to køyretøy kan møtast.

Erfaringsmessig vert fortau i praksis ofte tatt i bruk av bilar når vegen er for smal. Spesielt i anleggsperioden vil dette fort kunne bli situasjonen, noko vi meiner representerer potensiell trafikkfare. Etter det vi kan sjå er temaet mangelfullt vurdert og det er heller ikkje utarbeidd ei ROS-analyse jfr. krav til utforming av eit slikt dokument. Statens vegvesen meiner problemstillingar kring bredde på tilkomstveg/fortau, skuleveg og anleggstrafikk ikkje er tilstrekkeleg handsama/løyst i planframlegget som no er på høyring.



Figur 1 Regulert vegbredde Fv. 402 (Fv.5474) vs. Fuglevikvegen



Figur 2 Fuglevikvegen i dag (bilder fra Google og planskildring)

Fordi ein har vald å ikkje ta med seg avkøyrsla frå Fv. 5474 til privat veg Fuglevikvegen må det etter søknad, formelt innhentast avkøyrsleløyve frå Vestland fylkeskommune for kvar bueining som skal byggjast. Veglova regulerer formelt dette. Fordi dette ofte vert oversett i byggjesakshandsaminga rår vi til at det vert tatt inn ei føresegn med krav om løyve etter veglova før byggjestart.

## Oppsummering

Denne høyringsuttala blir å betrakte som Statens vegvesen si trafikkfaglege tilråding i saka. Fuglevikvegen er privat veg. Det er Alver kommune som ansvarleg plan- og bygningsmynde som må sikre at det ikkje vert vedtatt ein reguleringsplan med trafikkfarlege løysingar for mjuke trafikantar/skuleborn. Vi vil oppfordre kommunen til å gjere ei heilskapleg vurdering knytt til all trafikken som i dei komande åra skal inn og ut av bustadområde og barnehage lenger inne i Fuglevikvegen og ikkje berre fokusere på den korte avstanden frå planområdet og fram til avkøyrsla frå Fv. 5474.

Statens vegvesen vil rá til at ein arbeider vidare med denne planen i høve til manglande bredde på tilkomstvegen, dette gjeld både val av permanente løysingar og ivaretaking av trafikale tilhøve i anleggsperioden. Ved ei utviding av Fuglevikvegen må reguleringsplanen ha med seg naudsynte rekkefølgjekrav til opparbeiding jfr. vår tidlegare tilråding.

Transport vest, Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland

sekjsjonsleiar

Ingelin Garen

senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020

BERGEN

Alver kommune  
Ole Martin Bolset  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8633 - 21/68662

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
10.11.2021

## **Merknader til oppstart av detaljregulering for Birkelundstunet - Gbnr 172/14 Seim**

Planforvaltinga har lagt ut forslag til detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14, planID 1263-201902 på offentleg ettersyn og høyring. Planområdet ligg på Seim, omtrent 10 km frå Knarvik. Storleiken på området er om lag 3,3 daa. Planen sitt formål er å leggje til rette for bustadbebyggelse. Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for 3 nye bygg, med inntil 4 bueiningar i kvar bygg.

Byggesaksavdelinga i Alver kommune har følgande merknad knytt til planforslag.

### **Avklaring av forhold til høgspent og skildra faresone H370**

Det kan sjå ut som om at bygg 1 i plankart ville komme i konflikt med høgspent leidning. Plan bør ta konkret stilling til forholdet mot høgspentnett i området og eventuell stråling frå slike høgspentnett.

Faresone H370 i plankart knytt til høgspenteleidning og høgspentkabler ligg i området rundt sjølve høgspentmasta. Ut frå vedlagt kart med leidningsnett ser det ut til at bygg 1 vil vere i konflikt med høgspentkabel som går til mast.

Kart med leidningsnett	Vedlagt plankart
------------------------	------------------



Raud sirkel syner mast for haugspentnett.

I planskildring går det fram følgjande:

**NVE:** *Gir sitt generelle innspill til planarbeid og viser til NVEs verktøy i forbindelse med utarbeiding av planforslag. En høgspentledning går gjennom planområdet og denne må markeres som teknisk infrastruktur i plankartet.*

**Kommentar:** En utsjekk av grunnforhold og eventuelle rasfarer har avklart at planområdet ikke har naturfarer. Høgspentlinjen har fått hensynssone H370 Faresone høgspent som sikrer at bebyggelse ikke blir plassert innenfor faresonen.

**BKK Nett AS:** *Adkomst til deres anlegg må ikke forringes. Kabelanlegg må ikke tegnes inn i plankart. Høgspent i luft må vises i kart med buffersone (8 meter til hver side fra senter). Høgspent i grøft må hensyntas. BKK må avklare om det behøves ytterligere nettstasjoner ifbm utbyggingen – dette må i så fall avsettes plass til i plankartet evt i bestemmelser at slike kan etableres innenfor aktuelle formål. Eventuelle nettstasjoner ifbm LNF kan etableres innenfor slike områder til stedbunden næring. Generelt gjelder 5 meter byggegrense rundt nettstasjoner.*

**Kommentar:**

Høgspent i luft er vist med faresone H370 med 6 meter i samsvar med epost fra BKK. Høgspent i bakken er vist med faresone H370 med 4 meter avstand fra linjen.

Det er etablert ny nettstasjon i nærheten av planområdet. Planføresegnehene tilrettelegger ellers for at det kan etableres ny nettstasjon innenfor planområdet ved behov. BKK må vurdere om det er behov for ytterligere nettstasjoner i forbindelse med utbygging.

Gjeldande føresegns for avstand til leidningsnett i plan er følgjande:

### 5.3 Høgspent i luft og grunn (H370)

Det skal ikke etablerast bygningar i faresona. Del av omsynssona markerer 4 meter faresone til kvar side for høgspentlinje i grunnen. Del av omsynssona markerer 6 meter faresone til side for høgspentlinje i luft.

Det bør avklarast om skildra faresone H370 er korrekt ettersom leidning strekk seg over eigedom. Krav som er sett til avstand frå høgspentlinje i grunn og i luft vil kunne by på spørsmål ved seinare byggesakshandsaming, ettersom det ser ut som om at denne høgspentlinja strekk seg over eit større område enn det faresone H370 i plankart syner.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

**Frå:** Ole Johan Ingebrigtsen  
**Send:** tysdag 28. september 2021 12:26  
**Til:** Ole Martin Bolset  
**Emne:** SV: Offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902

Hei.

Vi har desse innspela til planen:

Slukkevann: I punkt 6.12 i planskildringen står det at det finnes brannkum med godkjent kapasitet for slukkevann. Nok vannmengde må dokumenterast.

Tilkomst: Tek-17, §11-17, punkt 1.

Veiledningstekst: Det må være tilrettelagt for kjørbar atkomst helt fram til hovedinngangen og brannvesenets angrepsvei i byggverket. For mindre byggverk i risikoklasse 4 og brannklasse 1 kan det aksepteres avstand på inntil 50 m.

Ole Johan Ingebrigtsen | Avdelingsleiar | Tlf. 56 37 56 90/92 027 192

Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB) Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ole Martin Bolset <[ole.martin.bolset@alver.kommune.no](mailto:ole.martin.bolset@alver.kommune.no)>

Sendt: tirsdag 28. september 2021 08:58

Til: Ole Johan Ingebrigtsen <[ole.johan.ingebriksen@alver.kommune.no](mailto:ole.johan.ingebriksen@alver.kommune.no)>

Emne: Offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902

Se vedlegg

<arkivID><jpID>  
PlanID-1263-201902,  
Plannavn-  
Birkelundstunet,  
Komnr-4631, FA-L13,  
HistSak-19/1001 LK

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:** 01.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/21	Eldreråd	11.10.2021
039/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11.10.2021

**Offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Birkelundstunet gbnr. 172/14. PlanID 1263-201902**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.10.2021:**

**Handsaming:**

Framlegg:

1. Det må koma meir enn den eine plassen for HC-parkering, som det er lagt opp til.
  2. På alle parkeringsplassane må det vera opplegg for å lada el-bil.
  3. Bustadane må utformast på ein måte som gjer at dei det er aktuelt for kan søkja om startlån frå Husbanken.
  4. I det minste alle bustadane i 1. etasje må vera universelt utforma, og ha trinn- og terskelfri inngang.
- Framlegget vart samråystes vedteke.

**RMNF- 039/21 Vedtak:**

1. Det må koma meir enn den eine plassen for HC-parkering, som det er lagt opp til.
2. På alle parkeringsplassane må det vera opplegg for å lada el-bil.
3. Bustadane må utformast på ein måte som gjer at dei det er aktuelt for kan søkja om startlån frå Husbanken.
4. I det minste alle bustadane i 1. etasje må vera universelt utforma, og ha trinn- og terskelfri inngang.

**Eldreråd 11.10.2021:**

**Handsaming:**

Ole Martin Bolset-rådgjevar Plan og byggesak orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale:

- Eldrerådet meiner det må leggast til rette for elbil-lading
- Rådet oppmodar om at utbyggar i større grad må leggast til rette for universell tilkomst til leileighetene, særleg med tanke på tilkomst til 2.etasje
- Rådet ber utbyggar vurdera startlån-finansiering
- Utbyggar vert også oppmoda om å vurdera om ein p-plass for rørslehemma er tilstrekkeleg

Eldrerådet vedtok samråystes framlegg til uttale.

**ER- 040/21 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

- Eldrerådet meiner det må leggast til rette for elbil-lading

- Rådet oppmodar om at utbyggjar i større grad må legga til rette for universell tilkomst til leilegheitene, særleg med tanke på tilkomst til 2.etasje
- Rådet ber utbyggjar vurdera startlån-finansiering
- Utbyggjar vert også oppmoda om å vurdera om ein p-plass for rørslehemma er tilstrekkeleg

**Vedlegg i saken:**

01.10.2021	1. Plankart_220921.	1618550
01.10.2021	2. Føresegner_220921.	1618551
01.10.2021	3. Planskildring_220921.	1618552
01.10.2021	4. Illustrasjonsplan_080921.	1618553
01.10.2021	5. MUA-plan_080921.	1618554
01.10.2021	6. Terrengsnitt og vegprofil_040321.	1618555
01.10.2021	7. ROS-sjekkliste.	1618556
01.10.2021	8. Støyvurdering_200421.	1618557
01.10.2021	9. Notat vedr universell tilgjengelighet_030521.	1618558
01.10.2021	10. Samla uttaler til varsel om oppstart.	1618559
01.10.2021	11. Saksframlegg med vedtak 1.ghs_010921-compressed	1618560



**Alver kommune**  
**Plan v/Arealforvaltning**  
**Postboks 4**  
**5906 Frældiaug**

<b>Saknr.:</b>	<b>Kommune:</b>	<b>gbnr.</b>	<b>Gardsnamn:</b>	<b>Dykkarl'ef.:</b>
21-012	Alver	172/14	Birkelandstimet	20/2400 - 21/64281

## **Detaljreguleringsplan for Birkelandstunet gbnr 172/14 - Offentleg ettersyn og høyring**

### **DokumentUste:**

<b>Dok. nr.</b>	<b>fnn/ut</b>	<b>Dato</b>	<b>Kl.vsendar/mottakru·</b>	<b>Planstatus</b>	<b>Saksh.</b>
2021/	Inn	8.09.2021	Alver kommune 'N/ Are Frøysland Grallde og Ole Martin Botset	Detaljregulering	SMV

NGIR har mottatt detaljregu\_lel'.ing for Birkelai1dst1met gbnr. 172/14 - Offentleg ettersyn og høyring, og har følgjande merknader :

### **Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:**

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to duukar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tils tre kke leg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysh1gar må behaldarar som gjev same volwn pr. hushald veljast. Det bør vw·derast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tiJkomstvegar - til hentestadar - har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nyttja dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjons bilen må kunna gjem operasjonar utan å vera til hjnder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkjøringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bk)r ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. TiJkomstvegar og snuplassar bør ha fastoppdekke, og vетta brøyt når det er nØ og is.

Kjekvik.dalen 04.1 0.2021

1 · *Merede Gedå*

Siv- Mere te Vedå  
-Kunderadgevar-



Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 08.10.2021

Vår ref.: 201905469-4

Arkiv: 323

Dykkar dato: 28.09.2021

Dykkar ref.: 20/2400 - 21/64281

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

22959527/toot@nve.no

## **NVE si generelle fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Birkelundstunet - Gnr. 172 bnr. 14 - PlanID 1263-201902 - Alver kommune**

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 28.09.2021.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

På grunn av stor saks mengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### **NVE si generelle tilbakemelding**

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein Kartbasert rettleiar for reguleringsplan som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging.

De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar.



**Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND